



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
21.06.2016  
Dykkar dato  
31.05.2016

Vår referanse  
2016/7352 421.3  
Dykkar referanse  
15/2613

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - Gnr. 54 bnr. 1 - Bringeneset - Uttale til dispensasjon for oppføring av naust utfylling i sjø

Vi viser til brev av 31.05.2016.

Tiltakshavar planlegg å bygge eit naust med tilhøyrande brygge, flytebrygge med 12 båtplassar, båtopptrekk og parkering.

#### Kommunen si vurdering av planstatus

Naustet er omsøkt oppført på ein del av eigedommen som i gjeldande kommuneplan er avsett til naustføremål (NA\_15) med opning for 3 nye naust i planperioden. Sjøarealet utanfor er avsett til flytebrygger. Tal på båtplassar er ikkje spesifisert i KPA, men må halde seg innanfor avsett areal.

Utfylling i sjø for etablering av tilkomst og parkering krev dispensasjon frå LNF-formålet i KPA. Byggjegrænse mot sjø for naust er satt til 0 meter, jf. KPA punkt 1.6.1. Nærare føresegn om krav til utforming av naust er gitt i føresegn 1.6.14 til KPA.

KPA Punkt 1.6.8 har følgjande ordlyd; *«I tilknytning til område for småbåthavn kan det byggjast tilhøyrande anlegg for båtopptrekk, lagringsplass, parkering o.l. på land.»*

For kvar 3. båtplass blir det stilt krav om 1 parkeringsplass. Dette er minimumskrava i KPA, jf. pkt. 1.6.9 tabell 4. Parkering i samsvar med krava blir vurdert å ligge innafor KPA punkt 1.6.8.

Kommunen har vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel og byggjeforbodet i strandsona for oppføring av naust med grunnflate 48 m<sup>2</sup> og saltak med takvinkel 27° og utfylling i sjø for etablering av tilkomstveg og parkering. Kommunen meiner at tiltaket ikkje utløyser plankrav.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak føresegnene det dispenserast frå eller plan- og bygningslova (pbl.) § 1-1 ikkje vert vesentleg sette til sides. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen si vurdering er at når naustet i sin heilskap skal ligge i område sett av til flytebrygger/fellesanlegg er det naudsynt med dispensasjon frå dette føremålet. Vi meiner

også at det er naudsynt med dispensasjon frå plankrav. I føresegn 2.1.1 i kommuneplanen står det mellom anna at *[u]nntak frå plankravet gjeld ikkje ved fortetting med meir enn 2 naust, 3 bueiningar, 3 fritidsbustader (einingar) eller 8 båtplassar*. Her er det planar om 12 båtplassar og vi meiner derfor at det er plankrav i denne saka. Vi meiner også kommunen bør vurdere om ikkje plankravet slår inn frå naust ein, når NA15 berre opnar for 3 naust i planperioden.

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet og for pbl. § 1-8 for å realisere behov for veg og parkering. Tiltaket legg også opp til ei omfattande utfylling i sjø for veg, parkering og naust. Slik Fylkesmannen ser det er det problemstillingar knytt til landskap ved ein slik utfylling og problemstillingar knytt til dyrka mark ved val av andre løysingar. Naturmangfaldet må også vurderast grundig ved utfylling i sjø. Fylkesmannen meiner at det er behov for ein plan i denne saka, framfor å gje dispensasjon frå plankravet.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*